



Pressemelding 20.04.2022

Sæbø skule og Sæbø barnehage er stengt ut dagen grunna vassmangel

Eit brot i ein vassleidning frå Olsvoll høgdebasseng har tatt lenger tid enn venta å reparere.

Grunna utfordringar med reparasjon av vassleidningsbrotet har vatnet i områda Olsvoll, Sæbø, Austmarka og Storsandvik vore stengd i periodar sidan laurdag.

Vatnet har også vore stengt i dag, og er framleis stengd.

Sæbø skule og Sæbø barnehage sendte difor i føremiddag ut melding til alle føresette om at dei må hente borna sine så snart som mogleg.

– Vi beklagar at vi enno ikkje har klart å reparere vassleidningsbrotet. Det blir jobba med å få vatnet tilbake så snart som mogleg, seier Ole Kristian Rolland, avdelingsleiar for veg, vatn og avlaup i Alver kommune.

– Slik det ser ut no, vil vatnet vere tilbake og stabilt innan klokka 14 i dag, opplyser Rolland.

Når vatnet er tilbake, kan det vere misfarga og innehalde luft. Vi anbefalar då at du tappar vatn frå første tappestad, etter hovudkrana, til vatnet er klart og utan luft.

Kokevarsel er framleis gjeldande.

Barnehagen og skulen held føresette oppdaterte på e-post i løpet av dagen og kvelden.

Kontaktperson for pressemeldinga:

Ole Kristian Rolland, avdelingsleiar for veg, vatn og avlaup i Alver kommune.

Mobil: 94 97 11 02

E-post: ole.kristian.rolland@alver.kommune.no